

TILRÅDING OM EIT LÆRDOMSSETE - EIT AKADEMI - I BYGDESAMFUNNET.

For vel eit år sidan vende ei lokal nemnd i Kvinnherad seg til Noregs Mållag. Nemnda oppmoda laget om å greia ut spørsmålet om reising av eit bygdeuniversitet.

Landsstyret i Noregs Mållag sette straks ned ei tre-mannsnemnd til å koma med ei fråsegn til styret. Med i nemnda var: Dr. philos. Odd Nordland, tilsynsmann for folkehøgskulane, Stein Fossgard og generalsekretær Knut Fortun.

På grunnlag av fråsegna frå nemnda kjem landsstyret i Noregs
Mållag med denne tilrådinga:

GENERELL DRØFTING.

Noregs Mållag må sjå tanken om å reisa eit bygdeuniversitet innanfor ramma av heile vårt nasjonale kulturarbeid, dei må vi der kan setja oss og dei ressursar vi har å ta av.

Vi er inne i ein veldig ekspansjonsperiode i vår skule- og høgskuleutbygging. Det er her tale om ei utvikling som går svært snøgt, og der ei lang rad med faktorar gjer seg gjeldande. Utbyggingsplanane for dei universiteta vi har får stendig større omfang. Trondheim er alt eit stort og ekspansivt lærdomsseie, og etter utbygginga av Tromsø, kjem truleg turen til Stavanger og Kristiansand.

Dei førebuande prøvene er alt i gang på dei to sistnemnde stadene og i Ålesund og Porsgrunn. For tida vert det drøfta for alvor planarom å leggja ein tidleg fase av eit universitetstudium til eitt eller fleire "colleges" som skulle ha tilknytnad til somme av dei større gymnasa i landet. Ordskiftet har her først og fremst teke siktet på katedralskulane, merkeleg nok ikkje dei sterre landsgymnasa eller fylkeskommunale gymnas. Desse ville visseleg liggja vel så godt til rette for ein slik skipnad.

I dei land vi kan samanlikna oss med, er tilgangen til universitetsstudiet i sterkt vokster. Vi ligg enno etter land som til dømes Finland. I Sverige planlegg dei nye universitet i Gävle og Umeå, og ved sida av desse nye lærdomsseta er Lärarhögskolan i Malmö

langt på veg inn i ei utvikling mot eit universitet. I Storbritania veks det fram ei lang rad med nye "red-brick universities" kring i mindre byar, ofte med berre eitt eller nokre få fakultet, profilar frå vitskap eller politikk, og stødde av lokale interesser byggjer dei desse nye lærdomsseta. Det er särmerkt for desse nye fakulteta at dei ofte er meir opne for nye fag og faggrupperingar enn dei tradisjonelle Oxbridge-universiteta. Det er interessant å leggja merke til at til dømes Cambridge like til 1964 var utan eit professorat i eit så viktig fag som sosiologi. Slike emne tek dei gjerne opp ved dei nye, mindre universiteta.

Det er rimeleg at det også her i landet kjem fram krav om å få reist slike mindre universitet med tanke på dei utdaningsinteressene på universitet- og høgskuleplanet som veks fram lokalt. Ved sida av tanken om eit universitet i Rosendal, har det kome fram planar om eit universitet på Hamar. I somme av dei større skulebyane er heller ikkje tanken framand, til dømes i Volda og på Voss.

Det ligg i ordet universitet at ein her tek sikte på ein allskule med toppkvalitet. Når slike utdanningseininger har vakse fram i byar, heng det nett saman med dei store krava universitetet set til eit høgt utdaningsgrunnlag og eit mangsidig, levande kulturmiljø som er i stand til både å få fram kvalifiserte lærarkrefter og å syte for at dei ikkje berre får funksjon i sin vitskap og i sine opplæringsoppgåver, men i samspel med kulturlivet på staden i vidaste meinings.

Når tanken har kome opp om å reisa eit bygdeuniversitet i samsvar med planen om mindre, desentraliserte einingar, melder det seg to viktige spørsmål: Er ein slik institusjon føremålstøylen til å ta vare på det särmerkte i norsk kultur- og samsvarar planen med kravet om å byggja ut vårt utdaningssystem rasjonelt og tidhøveleg.

Vi er no inne i ein tidfolk då utdanninga på høgstadiet meir og meir tek internasjonal karakter. Det er internasjonal tevling om dei beste lærarkreftene og i ein viss mon også om studentane. Vår framtid som kulturnasjon og vår økonomiske lagnad er avhengig av at vi tek sikte på forsking og utdanning som i alle måtar er internasjonalt tevlefør.

Samle oppslagene i Bergen. Dei ferda med "Stavanger-Tidningen" og "Telegramm".

REISEGOOS BEVARING
STASJONSMESTER TELEGRAMMER

I dette biletet kjem så dei lokale interessene som gjerne ser sine undervisningsproblem løyste ved mindre einingar og ved ei spreiling av utdanninga også på høgstadiet. Samstundes veks det av nasjonale grunnar også fram eit ynske om å stå ei nasjonal kulturreising ved å få institusjonar som i mål og oppgåver samlar seg meir om det som bygdesamfunnet kjenner som sine eigne nære problem. Dette er kjensler som i seg sjølv er sterkt motiverande til innsats og strid for løysingar som kan geia alternativ til dei store høgskule-einingane i bymiljø. Vi finn her tankar som 'gså ein Grundtvig ville kjennast ved, og som har ført den nordiske folkehøgskulen fram til å verta eit varig insitament i vårt kulturliv.

Samfunnet vårt er oppo i ein av dei mest gjennomgripande omformingsprosessane soga vår kjenner til. Det gjev seg utslag ikkje minst i utdannings-sektoren. Utbyggings av skulesystem og stipendskipnad har gjort det mogleg for ei stendig sterre gruppe av ungdom og vaksne i dette landet å skaffe seg ei utdanning i samsvar med givnad og interesse. Det finst ikkje ein huslyd i landet som ikkje på eitt eller anna punkt gjennom dei nye utdanningssjansane kjem i kontakt med eller har eit tilhøve til høgskule eller universitet.

Vår sttled følgjer dei som satsar på utdanningsvegen med særleg interesse, og det er lite rimelig at den gamle kulturelle "utanforkjensla" i dag i sterre mon gjeld bygdeungdomen. Om det her hos somme av ein eldre generasjon enno kjennest motsetnader, skal vi hugsa på at den kontakten folk flest har med kulturlivet, med vitskap og forsking har endra seg sterkt i vår sttled.

Om det likevel skulle vera slik at utanforkjensla er ei levande motivering for sterre grupper i folket, ville det vera lite klokt å byggja opp institusjonar som i seg sjølv kunne gjera denne kjensla sterkare. Ein må akta seg vel for å skapa institusjonar som kan få eit husmannsstempel på seg og som kan føra til isolasjon frå samtid og kulturliv. Det rette må vel her vera å syta for at straumen av bygdeungdom fritt og utan hinder kjem inn og får leva med i og gje form til alle våre universitet- og høg-skolemiljø. I den omforminga samfunn og livsvilkår nå går gjennom, er også det vår store sjørse at vi meir enn før kan vera med på

å setja vårt merke i mål og innhald på det nye som vert til. Når dette er sagt om det prinsippielle i tilhøvet vårt til ein samla nasjonal utbyggingsinnsats på høgstadiet i forsking og undervisning, har likevel lokale planar sitt store verd for å få heile landet med i kulturutviklinga. Det må her ikkje vera spørsmål om eit anten-eller, men eit både og.

Ein mindre stad som i dag tek til å arbeida med universitetsplanar, kan i nærmere framtid enn det nå tykkjest rimeleg, få ein slik institusjon. Detter er på den eine sida avhengig av folketal og av økonomisk og sosial utvikling ålmælt i landet, men det er særleg avhengig av styrken og intensiteten i den lokale interessa. Den staden som først tek til å arbeida med slike planar som bygdeuniversitetstanken i Rosendal, vil ha opparbeidd interesse og kan ha lagt grunn til noko som prioriterer for eit vidare arbeid. Difor er initiativ av denne typen overlag viktig.

Spørsmålet vert om ein skal ha ein tradisjonell universitetsstruktur i tanken når ein arbeider for eit lærdomssete. Slik stoda er, kunne ein tenkja seg eit grunnlag lagt ved at ein bygde ut ein forskingsinstitusjon som staden hadde naturlege føresetnader for. Det er ofte frå forskingsinstitusjonane at vegen i utviklinga går vidare til høgskulstadiet.

Samstundes kunne ein då planleggja eit utdanningssenter som med eitt eller anna spesiale hadde sjansar til å rekruttera på landsbasis. Det måtte då vera eit skuleslag som organisasjonar i samarbeid med staten kunne gå inn for å reisa.

Det finst innanfor etterutdaningssektoren og voksenopplæringa, og innanfor spesialområdet i lærarutdaninga, felt der ein i dag har nye oppgåver å løysa. Samfunnet ser seg i dag om etter skulestader for desse læregreinene. Eit utdanningssentrum og ein spesialiseringstad for dei som arbeider i folkehøgskulen, vert det bruk for i den utviklinga vi nå er inne i.

KONKRETE FRAMLEGG:

Vi meiner at det kan reisast ein institusjon der forsking, studium og undervisning kan gå hand i hand. Det må då leggjast grunn til eit lærdomsseie som ein steg for steg kunne byggja ut med tanke på oppgåver som det etter kvart vert presserande å få løyst.

Det finst ein del område der vi i dag har ein sterk trøng for vidareutdanning, spesialisering og forsking. Vi vil skissera dette i tre punkt:

I. Etterutdanning av lærarar i folkehøgskulen.

Dette er eit felt der det lenge har vore arbeidt med planar om ei nyskiping. Vi meiner det bør skipast ein institusjon som får knytt til seg ein mindre folkehøgskule - ein øvingsskule - som eit ankerfeste for metodikk og eksperiment. Denne høgskulen bør vera av eit særskilt slag der elevane bør ha gått ein vanleg folkehøgskule føreåt. Denne øvingsskulen må samarbeida med, og slett ikkje koma i konkurranse med vanlege folkehøgskular i distriktet.

Etterutdanningssenteret bør gje innføring i fag som til dømes ungdomspsykologi og - pedagogikk, idehistorie, organisasjonskunnskap, musikkunnskap, litteratur- og kulturhistorie.

Ein slik institusjon vil styrkja lærarkontinuiteten i folkehøgskulen.

II. Vaksenopplæring og fritt folkeopplysningsarbeid.

Her er det stor trøng for nye institusjonar som kunne skapa til stuttare eller lengre kurs for folk som er ferdige med si ordinære fagutdanning og som søker nye kunnskapar for å halda seg på høgd i yrke og fritidsarbeid. Det kunne her verta ei spesialopplæring for opplysningskonsulenter, instruktørar, ungdoms- og organisasjonsleiatarar.

Tid: 19.12.1948
Stasjon: "Stasjonen" er fortsettelse om Stasjon, som det kommet til spissat.
Melding: Etterlytting om

REISEGOALS
STASJONSBEVARING
TELEGRAMMER

Det som er nemnt under I og II gjev grunnlag for ein institusjon som kan stetta ynska om ei utdanning og orientering på breitt grunnlag utanfor dei reine universitets-studia, eit studiesentrums i frie former på eit høgare plan enn folkehøgskulen og den høgre skulen. Ein har her førebilete i Askov, Sigtuna, Nordens Folkelege Akademi og andre. Det er bruk for ein slik overbygnad over våre eksisterande folkehøgskular.

Framlegget (truly) i et fakultet. fra Rosendal nemnde.

III. Forskingsinstitusjon.

Dette bør verta ein institusjon som kan yta bygdesamfunnet tenester av særleg slag, eit forskingssenter der bygdesamfunnet i oppkomst, struktur og framtidsform vart emne for vitskaplege studiar.

Bygdesoge og bygdesosiologi er her nærliggjande og viktige emne. Forskarane burde kunna knytast til dei andre avdelingane ved undervisninga der. Studentar ved våre vanlege universitet burde kunna arbeida med hovudoppgåver og liknande ved denne institusjonen.

Til saman kunne desse tre samarbeidande avdelingane skapa eit lærdomssete som kunne bera namnet AKADEMI.

Utforming.

Vi har alt nå ymse stader i landet store skulesentra i bygdemiljø som med skulebygg, internat, matstover og spesialbygg i røynda er "skule-byar" av den typen vi før har kjent frå t.d. Svöits og England.

Dei forskings- og utdaningsinteresser som ovanfor er nemnde, har til føresetnad at det vert bygt eit anlegg som høver for ein samansett institusjon av denne typen. Eit slikt anlegg må byggjast opp som ein heilskap, men samstundes slik at kvar bygning har sin fastsette funksjon i miljøet. Med røynsler frå skiftande fagopplegg og undervisningsmetodar, bør det sytast for at dei husa som vert oppsette får inndelingssystem som gjer anlegga brukande for grupper i skiftande storleik og med skiftande krav på spesialrom.

I første omgang bør ein ta sikte på ei avdeling for kurs og seminar og ei avdeling for folkehøgskulen (øvingsskulen), dessutan eit område bygd med tanke på dei forskarane ein vil ha knytt til institusjonen må ein ha visse tellesrom, som t.d. foredragssal (samlingssal), bibliotek, lesesal og studiesentrums, rom for audioteknisk hjelpearbeider (film, fjernsyn osb.), oppholdsstover, matsal,

REISEGODS
BEVARING
STASJONSMESTER
TELEGRAMMER

*Ferdatoch, *Telegraf, *Stasjonmester om stedet er det kommet nye oppslag

område bygt med tanke på dei forskarane ein vil ha knytt til institusjonen. Vidare må ein ha visse fellesrom, som t.d. foredragssal (samlingssal), bibliotek, lese- og studieavdeling, rom for audio-visuelle hjelperåder(film,fjernsyn osb.), oppholdsstover, matsal, kjøkken m.m.

Ved sida av undervisningsrom, bibliotek, studie-og forskingsavdeling må det byggjast internat for studentane ved utdanningssenteret og elevane ved folkehøgskulen. I tillegg kjem bustader for lærarane og forskarane, og dessutan eit bygg med hybler og mindre husvære for engasjerte lærarar og forskarar.

Lærarbygninga (Trngard)

Det bør vera ein øvste leiar av heile akademiet, og i tillegg særskilde fagsjefar for kvar avdeling.

Noko av ideen med det heile må vera at ein dreg til seg gjeste-lærarar, forskarar og kunstnarar som har dei fagkunnskapar, evner og kvalifikasjonar som til kvar tid trengst i dei opplegg ein arbeider med. Difor må ein og syta for at miljø, bustader og vilkår vert slike at ein kan dra til seg folk med givnader til å skape eit rikt og idegjevande miljø både for dei som er elevar ved folkehøgskulen på staden og for dei som studerer og forskar der. Ut frå dette er det klårt at akademiet må ha eit romsleg driftsbudsjett.

Kostnad og romprogram.

Eit romprogram for ein institusjon som denne ville i store drag sjå slik ut:

1. Utdaningsavdeling:

Undervisnings- og grupperom	100 m ²
Internat, 2 paviljongar a 16 elevar(einmannsrom) med lærarbustad til ...	450 "
Tillegg	<u>250 "</u> 800 m ²

2. Folkehøgskulen:

Undervisnings- og grupperom	100 m ²
Internat, 3 paviljongar a 16 elevar (einmannsrom) med ein lærarbustad knytt til	800 "
Tillegg	<u>300 "</u> 1200 "

<u>3. Forskingsavdeling</u>		150 m ²
<u>4. Fellesrom:</u>		
Foredragssal		120 m ²
Bibliotek, lese- og studieavdeling		150 "
Felles kjøkken	60 m ²	
Matsal	100 "	
Oppholdsstove	100 "	
Tillegg	<u>120 "</u>	<u>380 "</u>
		800 m ²
<u>5. Samlingssal med scene</u>		250 "
Ymse tilleggsrom		200 "
		<u>3250 m²</u>

I tillegg kjem så bustader til alle som er knytte til institusjonen utanom dei nemnde.


Heile anlegget vil koste omlag 4-5 mill. kroner.

Drift: Driftsutgiftene skulle kunna dekkjast over:

1. Folkehøgskulebudsjettet.
2. Kursbudsjettet
3. Skulebudsjettet elles.

Oslo 12. desember 1965

For NOREGS MÅLLAG


 Hans Olav Tungevik
 formann

Helge Eide
 skriver